

AUSTEVOLL KYRKJEBLAD

Nr.

3

2025

Årgang 29



*Kystkulturgudstenesta
i Bekkjarvik*



s. 5

Konfirmantleir



s. 9

Konfirmantjubilantane



s.10



Unnskyld frå biskopene

Kjære alle saman,

Vi er samla på London pub. Dette er ein symboltung stad. Ein trygg stad for skeive gjennom nesten femti år. Staden der terroren råka under Oslo Pride 25. juni for tre år sidan. Takk for at vi får vere her!

I 2022 erkjente biskopane i Den norske kyrkja at den institusjonen vi leier har påført skeive smerte og skade. Då er det rett at vi også tar ansvar som kyrkje, og seier unnskyld.

Nokon kan tenkje at det er for seint, nokon meiner det er for tidleg. Vi meiner det er rett å ikkje vente lenger. Vi, biskopane i Den norske kyrkja, markerer i dag verken eit startpunkt eller at vi er i mål. Likevel er det ein merkedag. Dei siste åra har vi hatt ei rekkje møter og samtalar med skeive og deira ulike interesseorganisasjonar. Det er raust når dei som tidlegare opplevde seg fordømt av kyrkja, har tatt i mot oss med opne armar. Det er nåde. Eg gler meg over dette, og ser fram til å møtast vidare!

Fleire har formulert og fortalt sine historier, og latt oss få del i dei. Det gjer sterkt inntrykk å lytte til medmenneske sine opplevingar og livserfaringar. For mange har det kosta mykje å dele, å gjere seg sårbar – også på den måten. Takk til alle som har delt si forteljing!

Vi har høyrte om kva kyrkja har betydd. På godt og vondt – men mest på vondt i denne samanhengen. Det gjeld haldningar til skeive og deira liv. Det handlar om kyrkjas praksis i formelle og uformelle møter og samtalar – i alt som er sagt og alt som ikkje er sagt.

Det har hatt store negative følgjer for mange menneske:

- Kyrkja nekta lesbiske og homofile å jobbe i kyrkja, sjølv om dei var kvalifiserte.
- Frivillige medarbeidarar fekk ikkje plass eller bidra i fellesskapen i kyrkja – på grunn av legning eller samliv.



– HIV og AIDS vart kalla Guds straff over homofile. Det legitimerer stigmatisering og fordøming av HIV-positive. Deira pårørande har framleis sår etter dette.

– Lenge nekta kyrkja å gje forbøn for likekjønna par og å vie dei til ektefolk i kyrkja.

– Kyrkjas rom er enno ikkje trygge nok for transpersonar.

– Mange av dei som bryt med normene til kjønn og samliv vart heldt utanfor av kyrkjefellesskapen.

– I samtalar har representantar frå kyrkja redusert den skeive kjærleiken til å vere følelsar, som kunne skrus av som ein brytar med eit klikk.

Dette er nokre døme, og vi veit at det er fleire

– diskriminering, forskjellsbehandling og trakassering.

Dette har ført til at skeive har kjent på skam, som resultat av ei rådande forteljing av kva kjærleik som er riktig eller feil, og press frå kyrkja til å skjule eller fornekte kven dei var.

Mange opplever at det er ikkje plass for dei. Nokon har sagt frå seg medlemskap i kyrkja, nokon fortel at dei mista trua. Det har vore ei stor påkjenning – for dei det gjeldt og deira familie og vener.

Gud skaper oss alle i sitt bilete, med det verd og den verdi det inneber. Bibelen fortel om menneske som fekk møte Jesus. Han reiste dei opp, og viser oss alle kva fellesskap er.

Det er også vårt oppdrag som kristne. Men, som vi har erkjent, har vi feila gang på gang: Ord, haldningar og handlingar har stått i vegen. Mange

har sett kva som har skjedd, utan at endring har fått rom. Gjennom fleire tiår har prestar og diakonar i sjelesorg og fortrulege samtalar teke i mot skeive sine livserfaringar. Om tap, om det såre, men også om trua, håpet og kjærleiken. For mange har dette vore gode samtalar, men kyrkja si stemme i det offentlege rommet har ofte sagt noko anna.

I 1954 kalla Bispemøtet skeive ei «samfunnsfare av verdensdimensjoner» og på 80–90-talet fekk fordøming av HIV-positive stå uimotsagt i kyrkja. Men noko har skjedd dei siste tiåra: I 2007 opna Kyrkjemøtet for at «homofile i partnerskap» kunne bli vigsla til stillingar i kyrkja. I 2016 vedtok Kyrkjemøtet at likekjønna par kunne gifte seg i kyrkja. Og godt er det!

Å seie unnskyld forpliktar. Det handlar om korleis vi no skal møte kvarandre.

Kvar gong skeive og kyrkje er eit tema i offentlig debatt, er det ei belastning for skeive generelt – og særleg for skeive tilsette. I 2020 kom ein rapport om skeive tilsette i kyrkja med tittelen «Å være en sak». Den viste at det å vere skeiv tilsett i Den norske kyrkja har vore ei stor belastning for den einskilde. Det har skapt minoritetsstress og gjort det vanskeleg å gjere den jobben dei var tilsett for å gjere. Slik kan vi ikkje ha det, og dette har kyrkja som arbeidsgjevar ansvar for.

På måndag fekk vi presentert ein rapport om korleis transpersonar erfarer kyrkja som eit trygt eller utrygt rom. Her også har vi framleis mykje å lære, til dømes kor viktig regnbogeflagget kan vere for å skape tryggleik.

I dag ser vi at menneske med LHBT+-identitet mistar sine grunnleggjande rettar mange stader i verda. Dei vert utsett for vald og stigmatisering. Ikkje sjeldan skjer det med ei form for religiøs grunngjeving, også i kristentruas namn. Vi må alle ta ansvar for å motverke dette – ikkje minst kyrkja. Trua på Gud kan gje oss mot til å vere den vi er. Mot til å stå opp for andre og for oss sjølve. Mange skeive har vore modige og gjort det. Takk og lov! Dei har langsamt, steg for steg, gjort mykje for å gje ny innsikt og skape nye haldningar. Nokre har stått i kampar og stormar åleine, andre har stått saman og organisert seg i lag med støttespelarar. Det gjev håp om at endring alltid er mogeleg, og at vi ikkje må gje opp.

Endringane har teke tid. Det har vore krevjande for mange. Nokre heldt rett og slett ikkje ut. Nokon av dei som skulle høyrte vår unnskyldning, er ikkje lenger mellom oss.

Endringane har teke tid, og noko har faktisk endra seg. Eit samfunn der ein kan elske den ein vil, og vere den ein er, gjer Noreg og verda til ein betre stad.

Difor er det i dag også på sin plass å seie: Takk!

Takk til alle som har sett ord på sine erfaringar og opplevingar.

Takk til alle som har kjempa. For seg sjølv og for andre.

Takk til deg som tok kampen åleine, og til deg som organiserte deg.

Takk til deg som heiste flagget, i påvente av nye vedtak i kyrkja. Utan dykk hadde vi ikkje stått her i dag.

Takk for fellesskap på regnbogegudstenester.

Takk for at kyrkja får rom i Pride-paradar, skulder ved skulder.

Takk for at vi kan gå vidare saman.

Takk til deg som sa frå kva du opplevde, sjølv om det var best for deg å halde avstand.

Takk til deg som trass i det som var undertrykkjande, ikkje gav opp trua og kyrkja.

Takk til alle som har gjort sitt for at folkekyrkja er på ein annan stad i dag, enn vi var før.

Den norske kyrkja har påført skeive skam, stor skade og smerte. Det skulle ikkje skjedd.

Difor seier eg i dag:

Unnskyld!

v/preses Olav Fykse Tveit



Dåpsbarna

Har du eit barnebarn eller eit oldebarn som ikkje bur i Austevoll? Send dåpsbilde til oss!



Aksel Rabben Turøy



Amalie Økland



Elise Fyllingsnes



Emil Lier Jørgensen



Erle Drivenes Østervold



Helle Møgster



Iselin Dampandee
Veivåg



Johan Hausberg-Alvsvåg



Julian Haugland
Gjøvåg



Konrad Mehammer
Drønen



Leander Østervold
Mangor-Jensen



Lily Isabell Hevrøy
Drønen



Lucas Dale-Egebakken



Nero Veivåg Mustvedt



Noah Bjånesøy
Fammestad



Olivia Høyland





Peder Kvinge Nilsen

Samuel Økland
Løseth

Simon Svendsdal



Emil Lier Jørgensen



Toril Aasheim Nymark



Viljar Hausberg Øvrevoll

Kystkulturgudstenesta i Bekkjarvik

Helga 16-17 august var det igjen duka for kystsogehelg i Bekkjarvik. Ekstra stas var det for kyrkja i Austevoll når vår eigen organist Audun Instefjord fekk utdelt prestasjonepreisen! Ikkje alle har ein organist som også er graveentreprenør og skytebas. Inge Halstensen overrakk han blomar og den gjeve prisen.

Søndagen var det gudsteneste på skjæret. Heile 4 born blei døypte der i friluft. Etter at Inge har «pussa opp» skjæret var det god plass til alle dåpsfølgene der ute. Arvid Søreide og Audun sørga for nydeleg musikk til oss og skapte flott stemning. Alt i alt ei veldig fin gudsteneste med stort oppmøte! Etter gudstenesta var det sjølvstekt kyrkjekaffi og kringler til alle.



Babysong på po-senteret

Måndag i haustferien var 14 babyar og mammaene deira, 3 storesøsken og ein tante på babysong på Austevoll po-senter. Inger Marie Møgster leia songen på sin flotte og behagelege måte medan Audhild Cotton sto for maten som gjengen hadde til lunsj etterpå.

Heldige meg fekk vere med på dette. Det er ein fryd å få vera med på!

Det er også tydeleg at bebruarane på senteret og Soltun set pris på denne stunden. Det skjer nokke med oss alle når vi ser desse skjønne små.

Vi gler oss allereie til neste gong vi får komme på besøk.

Då er babysong slutt for dette semesteret. En stooooor takk til Inger Marie Møgster og Audhild Cotton som tar så godt vare på små og store kvar mandag i Hundvåkøy kyrkje. Vi ønskje alle hjertelig velkommen til nytt semester rett over nyttår.



Julekveld i Austevollkyrkja søndag 21.desember kl 19.00

Me skal finne julestemning og la julefreden senke seg
Det vert allsong og song av Arvid Søreide, Maria Vassnes og
Regine H Otterå, juleforteljing av Hildegunn Teien
Flott musikk av Audun Instefjord og Kathrine Haugsmyr.
Presten kjem også.

Etterpå vert det «kyrkjegløgg» og sosialt.

Arrangementet er GRATIS

Håper å sjå deg!

Staben på kyrkjekontoret



Nytt år med nye konfirmantar

Nytt år med nye konfirmantar Laurdag 13 september starta me opp med nytt konfirmantkull. I år er det 62 konfirmantar som har meldt seg opp til konfirmasjon hos oss i Austevoll. Me møttes i Storekalsøy kyrkje for Kick off, for å bli litt kjende med dei. Der hadde me litt undervisning før me delte oss i grupper og hadde div poster med leik og oppgåver.

Etterpå fekk dei servert pizza og brus før me avslutta med gjennomgang av ei gudsteneste der presten forklarte litt om ledda og tingene me gjer i gudstenesta. Mykje er nytt og må lærast. Me hadde ein veldig kjekk dag i lag med den nye gjengen.

Dagen etter hadde me presentasjonsgudsteneste i Austevoll kyrkje. Der fekk dei utdelt ei bok og eit gripekors og me fekk tatt fine bilder av dei. Det var også 2 dåp i gudstenesta og kyrkja var heilt full! Etterpå fulgte sjølvsaft kyrkjekaffi og kaker laga til av våre gode hjelpere Randi Lise Storebø og Audhild Cotton.



GJEVARTENESTA I AUSTEVOLL KYRKJELYD

Kyrkjelyden har dei siste åra opplevd ei svært positiv utvikling, og då særleg i forhold til barne- og ungdomsarbeidet. Ein dyktig stab arbeider heile tida med å betra og utvida tilbodet.

Ynskjer DU å bli fast gjevar, enten til trusopplæringa eller til ei av kyrkjene våre? Ei fast gåve med bidrag over kr 500,- og opp til kr 25 000,- pr år gjev rett til skattefrådrag og vil verta innrapportert frå kyrkjekontoret.

Eller ønskje du å gje ein enkelgåve?

Du kan vippse til #100 855# eller scanne QR-koden.

Du kan også bruke eit av kontonummerne på denne sida.

Ønskje du å vite meir? Kontakt oss på kyrkjekontoret, tlf. 5508 2600

Her finn du dei ulike kontonr:

Austevoll kyrkje:	3628.71.47575
Bekkjarvik kyrkje	3628.55.65248
Hundvåkøy kyrkje	3628.55.65264
Stolmen kyrkje:	3628.55.65256
Storekalsøy kyrkje	3628.55.78943
Trusopplæring:	3628.55.65430

**TAKK for
di støtte og
engasjement**



Konfirmantleir

Dei siste 2 åra har me reist på leir med konfirmantane. Leiren er arrangert av KFUK/KFUM og vert halde på Framnes. Her er alt lagt til rette for oss med aktiviteter, undervisning, show, gudsteneste og disko m.m. Det vart ein vellykka tur i årsom i fjor med masse kjekke konfirmantar.

Me hadde med oss 46 konfirmantar, 6 ungdomsleiarar (fjorårets konfirmantar) 4 frå staben og ikkje minst fleire frivillige foreldre som stilte opp for ungdomen. Her i Austevoll er folk veldigflink å stille opp, noko me er avhengig av for at me skal få til kjekke arrangement for Austevollingane.

For deisom ikkje hadde moglegheit til å reise på leir har me eit anna undervisningsopplegg der me samlar gjengen nokre onsdagar i Austevoll kyrkje.



No om dagane jobbar heile gjengen med å forberede seg til lysmessa 23.10 noko me trur og vonar vert ei flott gudsteneste der konfirmantane får bidra.



JULEFEST I STOREKALSØY KYRKJE

Velkomen til ein koselig kveld for store og små. Det blir servert graut, julekaker, saft og kaffi.

Me skal synge litt og gå rundt juletreet.

Det vert bordaktiviteter for borna og dramatisering av juleevangeliet.

Kom og ta middagen i godt selskap i Storekalsøy kyrkje onsdag **10. des kl 1700.**

Pris pr pers 30kr eller 100kr for ein familie.

OBS! Påmelding til kyrkjekontoret på 55082600 eller på mail austevoll.kyrkjekontor@kyrkja.no innan søndag 07 des.



Ps. Nissen kjem kanskje..





Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



FARGELEGG



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror



Konfirmantjubilantane

28. september hadde dei som konfirmerte seg i 1975 50 års jubileum. Dei var 84 ungdomar som sto konfirmant i dei forskjellige kyrkjene rundt i Austevoll. Me feira dette med å invitere dei inn til gudsteneste i Austevoll kyrkje og vidare til middag på Bekkjarvik Gjestgiveri. Det var 31 konfirmantar som møtte for å helse på gamle kjente og mimre tilbake til konfirmasjonstida. 9 av dei tidlegare konfirmantane

er dessverre gått bort og me tente lys for å minnast dei også.

Middagen på gjestgiveriet var som alltid stor suksess og praten gjekk lett rundt alle bordene. Me gler oss til å samle ein ny gjeng igjen til neste år. Så neste års jubilarer, sett av datoen allerede nå - 27. september 2026.



1. Frå venstre: Rita Iren Røstøen Remme, Aud Eli Waage, Heidi Hevrøy Kartveit, Aase Møgster, Sissel Storebø, Elin Grethe Hanøy Forland, Asta Grasdal Johannesen, Oddrunn Irene Taranger Haugland, Jofrid Engelsen Øvredal
2. Eva Bjånes, Ingrid Uglenes Fiksdal, Sølvi Katrin Drivenes, Ingeborg Astrid Leknessund Økland, Astrid Møgster, Kjersti Møgster, Erna Veivåg, Heidi Isabell Dævøy Due
3. Sokneprest Tor Håkon Eiken, Brit Gunn Årland Ersland, Heidi Østervold, Karlotte Haldis Møgster, Kjersti Frøydis Storebø, Jorunn Ingaug Litlekalsøy
4. Frode Horgen, Henning Tøkje, Kjell Frode Hole, Sigbjørn Aarland, Svein Stensland
5. Anders Magne Melingen, Henrik Veivåg, Ivar Arne Birkeland, Oddvar Thorsen, Åge Blix, Lars Fagerbakke

Fotograf Eric Clement



Myldrekveld og utdeling av 4årsboka

To ettermiddagar har me fått besøk i Stolmen kyrkje og Austevoll kyrkje av ein fin gjeng med 4 åringar på myldrekveld. Her fekk me bli litt kjend med dei og dei fekk utforske kyrkja litt og bli kjent med den. Dei fekk også høyre ein bibelhistorie som Hildegunn også viste på flanellograf. Det er alltid like populært når ho finner fram den til dei. I tillegg frekk dei høyre eit lite utdrag frå boka dei skulle kome att søndagen og få på gudstenesta.

Søndag 26.10 kom alle 4 åringane til Austevoll kyrkje for å få utdelt boka. Dette var veldig stas! Dei var med i prossesjon og dei fekk kome opp og synge ein song då dei tok imot boka. Denne gudstenesta var det også med nokre konfirmantar som dramatiserte « den bortkomne sonen» og ei songgruppe som song fleire fine songar til forsamlinga. Det vart ei kjekk og variert familiegudsteneste med mykje liv og røre og fulle benkar!



Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei. Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile

folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe." Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

"Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!"

Luk. 2, 1 – 14



Songstund i kyrkja

Våren og hausten i år har me hatt tiltaket «songstund i kyrkja» Dette er eit tiltak for born i 1 og 2 klasse som likar å synge. I løpet av den timen me har i kyrkja får dei blant anna høgtlesing frå bok, bibelforteljing med flanellograf og songstund der me øver på songar til å framføre i kyrkja på gudsteneste og liknande. No jobbar me med julesongar me skal framføre på julefesten på Storekalsøy 10 desember.

Dersom ditt born kan være interessert kan du gå inn på nettsida vår og lese meir, austevoll.kyrkja.no



Seniortreff med gutta

På seniortreffet i oktober var det Terje Dale, Jan Tørres Nordstrand og Steinar Christensen som stor for programmet. Og dei hadde absolutt ikkje gløymt kunstane sine! Terje på kornetten og Steinar på pianoet opna det heile. Programmet for dagen bestod av ml a allsong, vitsar, ord til ettertanke og song av Jan Tørres. Og titt og ofte høyrde en herleg humring blant publikum, spesielt når det florere med kommentarar dei i mellom. Som vanleg fekk vi god lapskaus laga på kjøkenet på po-senteret og vi hadde kaffi og kringle.

Vi hadde ikkje klart å få dette i hamn utan dei gode hjelparane våre!!! Dagen før var Sissel og Audhild og dekkja til flotte bord og dei var også på plass på sjølve treffet saman med Randi og Gerd Norunn og serverte. Ein stor takk til dei og til alle dei andre som er med og hjelper oss. Har DU lyst å vera med som frivillig på treffa, så er du hjarteleg velkommen til det. Ring oss eller send oss ein melding om du vil vite meir om dette.



Julekort

Av biskop Ragnhild Jepsen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik:
"Kjære Jesus".

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus.

Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:

Kjære Jesus!



For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome.

Av den tørraste kvist skal von springe fram.

Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.

Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.

Amen.



Diakoniutvalet er i gong

Herrens vegar er uransakelege skriv Paulus ein plass, og allereie tidleg i barneåra, når eg var innom i Bakken hos bestemor Astrid trur eg mine framtidsplanar begynte å ta form. Me hadde mange gode samtaler og ho song salmar og høyrte på Radio Gnisten, ho var ingen The Voice kandidat kan du sei. «Du kjem til å bli prest» sa bestemor og la hendene på meg. «Åh nei, eg skal bli maskinist», sa eg medan eg smilte. Nokre treng meir tid enn andre og eg er nok ein av dei. Gud er heldigvis tolmodig. No er eg 59 år og er godt i gong på NLA som student, om og når eg blir ferdig er det berre ein som veit, men eg ser det er mange år igjen.

I mellomtida får me berre gønna på, for no er eg så heldig at eg får ta praksistida mi i teologiske fag her i Austevoll, og håpar sjølv sagt austevollingen syns det er greit. Eg må seia det er stas å få vera ein del av kyrkja sin arbeidsgjeng, den viktigaste «hjørnesteinsbedrifta» i Austevoll. I mitt arbeid som maskinist på Seifjell har eg læringar og kadettar under meg, men no er det eg som er lærling. Det er utfordrande nok tenkjer eg, spesielt for Tor Håkon altså. For eg kan vera ei laus kanon på dekk, mykje lik Peter som sa ting utan først å tenkja.

No får eg jobba med gudstenester, gravferder og får vera med å leia diakoniarbeidet i kommunen vår. Diakoni er kyrkja sitt omsorgsarbeid, det vil seia kristendom i praksis. Å tru er ikkje noko passivt, det er eit aktivt grammatisk ord, eit verb som å hoppa eller å springa. Det kan vera alt frå å vera turvén til å besøkje einsame.

Me har fått fleire nye friske krefter inn i diakonigruppa, nokre ungdomar og nokre litt meir vaksne. Me er der for å hoppa og springa for det kristne arbeidet i kommunen vår. Me vil eigentleg ha fleire med, og helst nokre frå kvar øy, til å ta pulsen nett der dei bur for å sjå kva som trengs. Hadde vore fint med nokon frå Stolmen, Bakkasund og gjerne austre Huftarøy, så pling gjerne på om du vel vere med!

Ungdomane er tydelege på at dei vil ha ungdomsgudsteneste ein gong i månaden litt ut på dagen etter at dei har fått sove litt frampå. Dei vil ha det i Hundvåkøy kyrkja. «Det blir så fint» seie Tor Håkon med rusk i stemma.

Me har lyst te å få til nokre samlingar på nyåret med temakvelder om sorg, mobbing og skam. Der har me mange gode krefter som kan bidra lokalt, men det kan óg komma forelesarar utanfrå. Det er viktige emne både i Bibelen og i samfunnet me bur i.

Me vil òg danna ei samtalegruppe for dei som ha skeive born eller er i tett relasjon. Denne gruppa er etterlengta. Det kjenner eg sjølv og fleire eg har snakka med. Det er mange som sit med skam og brenn inne med kjenslene sine.

Etablering av ei sorggruppe for dei som treng det er òg noko me ser behovet for, gjerne kobla opp mot liknande gruppe som ligg under Fana prosti.

Dersom nokon sit og kjenner på at dette arbeidet er noko ein kan bidra med, er det berre å ta kontakt. Me trur at dei som vil vera med skal få bidra med det ein brenn for, då går det so mykje betre.

Austevoll er ein fantastisk stad å bu og veksa opp, og når me ser og hjelp kvarandre, slik Jesus ber oss om Matteus 25, blir trua levd ut i praksis. Diakoni handlar om varme hjarte og opne hender, og om å gjere Guds kjærleik synleg i kvardagen.

Til alle, ver gjerne med og be for arbeidet vårt, det treng me.

Leiar, Øyvind Sivertsen



Kyrkja og økonomi

Som dei fleste veit, så har vi ein aktiv kyrkjelyd med mange tiltak og arrangement, forordna gudstenester, gravferd, vigslar mm gjennom åra. Folk møter og støtte godt opp på alt vi har i kyrkja.

Det er veldig kjekt når prostens fortel at mange ser til Austevoll kyrkjelyd og ser kva vil får til med dei få og små ressursane vi har til rådighet. Å drive ei kyrkjelyd er ikkje billig. Å drive og forvalte 5 kyrkjer, eit kapell og 11 gravplassar krev ei god og forsvarleg økonomi.

Gjennom 2025 har vi fått økonomien nesten på rett kjøl etter nokre år med røde tal. No er tala meir rosa enn rød. Dette hadde vi ikkje klart utan den flotte staben.

Vi hadde heller ikkje fått dette til utan god hjelp og gåver frå enkeltpersonar og bedrifter.

I fjor fekk vi på plass nytt orgel i Bekkjarvik og Hundvåkøy. Dette er takke vere gåver frå enkeltpersonar og bedrifter.

I haust var vi også so heldig. Fleire bedrifter har bidratt med gåver til elektrisk ringing i Storekalsøy kyrkje. So no er det slutt på at vi står i tårnet og dreg i tauet. Vi berre trykker på fjernkontrollen, her som i dei andre kyrkjene.

Ein stor takk til Hillevik AS som har gitt kr 10.000, Knut Invest AS kr 10.000, Harto Invest AS kr 10.000, Br. Bakke AS kr 20.000, Ørna Invest AS kr 25.000, North Sea Shipping Holding AS kr 25.000, North Atlantic AS kr 25.000 og North Sea Giant AS som har gitt kr 25.000.

I tillegg fekk vi også ein raus minnegåve til Storekalsøy kyrkje i haust

Hansali Holding AS har gitt kr 10 000,- til oppgradering av det elektriske ringeapparatet i kyrkja på Hundvåkøy. Om fleire vil bidra med nokre kroner til fakturaen her, so blir vi veldig takknemleg!

I forbindelse med ei gravferd i haust, vart det også her gitt ei raus minnegåve til Hundvåkøy kyrkje.

Tusen takk!!

Det er ikkje til å stikke under ein stol, at noko av det vi held på med er nokre underskudsprosjekt. Ta til døme kyrkjebladet. Vi får mange og gode tilbakemeldingar på det. Rundt omkring i Norges land, er kyrkjeblad frå dei lokale kyrkjelydane eit av dei mest leste blada. Men det kostar å lage og sende ut 4 blad i året. Det spør kor lenge vi kan helde på med det.

Eit anna underskotsprosjekt er Seniortreffa. Her kjøpe vi nydeleg lapskaus på PO-senteret som vi servere, vi handle inn kringler, kaffi, serviettar +++ Dette kjem på ein god del meir enn det vi får inn i deltakarbetaling.

Kanskje du no tenke at dette må vi kutte ut. Nei, vi ser, høyre og erfarer kva dette gjer for den eldre garde her i kommunen. Dette vil vi fortsette med!

Og når det gjeld bladet, så er vi so stolt av det. Vi synes det er so kjekt å fortelje om alt vi held på med

So korleis kan vi få råd til alt vi held på med? Vi har nokke som heiter gjevarteneste. Her har vi god plass til fleire givarar. Det går ut på at du gjer ein fast sum kvar månad. På denne måten får kyrkja ein meir forutsibar økonomi. I alle kyrkjeblad kan du lese meir om dette. Gåver over kr 500,- og opp til kr 25 000,- pr år gjev rett til skattefrådrag og vil bli innrapportert frå kyrkjekontoret.

I dette nummeret finn du ein innbetalingsblankett på abonnementet på kyrkjebladet. Viss fleire betale inn, så kanskje vi kjem i balanse økonomisk her. Du finn også ein QR-kode så du lett kan vippse abonnementet. Merk det med «Bladet»

Vi takker allereie no for kvar krone vi får inn!



Annonser



MØRENOT
FISHERY

Mørenot Austevoll AS – 5397 Bekkjarvik
Tlf 56 18 17 50 – Faks 56 18 17 55
Butikk Salthella: 56 18 17 53
Butikk Bekkjarvik: 55 08 34 00
Austevoll@morenot.no

WWW.SP.V.NO | TLF. 05555



SparebankenVest
– satsar på Vestlandet



Vestbjørn AS

Tlf 93281142 Morten Lysvold Nilsen
morten@vestbjorn.no

Babysong

Like populært som alltid!

Oppstart over nyttår – sjå facebook.

Hundvåkøy kyrkje.

Kontaktperson: Linda Marie Lundø · Tlf: 403 09 960

Bekkjarvik
Torg



**NORTH SEA
SHIPPING**



El. Entreprenør
Kjell Elholm a.s.
5392 Storebø
Tlf.: 56 18 04 09 - Fax: 56 18 00 33
Foretaksnr.: NO 955 403 932 MVA

www.bibel.no

Under *Nettbibelen* finner du:

Bibeltekstene • Dagens bibelord • Søndagens bibeltekster

BEKKJARVIK GJESTGIVERI



Overnatting - Kurs/Konferanse - Catering – Selskap – Galleri

Tlf: 55 08 42 41 Fax: 55 08 42 41

post@bekkjarvikgjestgiveri.no www.bekkjarvikgjestgiveri.no

**Ønskje du ein stille
stund i kyrkja?**

*Ta kontakt med oss på tlf 55082600
Og vi opnar Austevoll kyrkje for deg*



Arrangement og gudstenester jula 2025

23.11	kl. 18.00	Lysmesse i Austevoll kyrkje
01.12	kl. 17.00	Kulturskulekonsert Hundvåkøy kyrkje
04.12	kl. 11.30	Jul i glasshuset i Bekkjarvik
04.12	kl. 18.00	Kulturskulekonsert Austevoll kyrkje
05.12	kl. 19.00	«Nystemt til jul» Rune Larsen i Austevoll kyrkje Billettavgift
05.12	kl. 11.00	Seniortreff på Austevoll PO senter
07.12	kl. 11.00	Gudsteneste Austevoll kyrkje
07.12	kl. 18.00	Julekonsert Stolmakoret i Stolmen kyrkje.
09.12	kl. 09.45	Jul med barnehagen – Bekkjarvik kyrkje
09.12	kl. 12.00	Jul med barnehagane – Austevoll kyrkje
10.12	kl. 09.30	Jul med barnehagen – Hundvåkøy kyrkje
10.12	kl. 17.00	Julefest i Storekalsøy kyrkje for store og små. Påmelding
11.12	kl. 17.00	Julespel med NFU Austevoll kyrkje
11.12	kl. 18.00	Kulturskulekonsert Bekkjarvik kyrkje
12.12	kl. 19.00	Konsert Jul med Skau- Leif Ingvald Skaug inviterer Anneli Tafjord og Esther Birkeland Hordvik til jul Billettavgift
14.12	kl. 11.00	Gudsteneste i Hundvåkøy kyrkje
16.12	kl. 19.30	«Syng jula inn med Koronitas» Billettavgift
21.12	kl. 12.00	Gudstjeneste i Møkster kapell
21.12	kl. 19.00	«Julekveld i kyrkja» konsert i regi av staben i kyrkja. Gratis
25.12	kl. 12.00	Gudsteneste Austevoll kyrkje

Skulegudstenester

15.12 kl. 09.00 1-4 klasse

Selbjørn skule, Bekkjarvik kyrkje

15.12 kl. 10.00 5-7 klasse

Selbjørn skule, Bekkjarvik kyrkje

16.12 kl. 10.10 1-4 klasse

Storebø skule og Montessori skule, Austevoll kyrkje

16.12 kl. 12.15 5-7 klasse

Storebø skule Austevoll kyrkje

18.12 kl. 08.15

Ungdomskulen, Austevoll kyrkje

Julaftan 2025

Kl. 11.00	PO-senteret v/Tor Håkon Eiken
Kl. 15.00	Storekalsøy kyrkje v/lokale krefter
Kl. 15.30	Hundvåkøy kyrkje v/lokale krefter
Kl. 13.00	Stolmen kyrkje v/Tor Håkon Eiken
Kl. 14.30	Bekkjarvik kyrkje v/Tor Håkon Eiken
Kl. 16.00	Austevoll kyrkje v/Tor Håkon Eiken

Med forbehold om endringar – sjå nettsida vår

Takk for minnegåver:

I forbindelse med **Ester Marie Hausberg** sin bortgong vart det gjeve ei minnegåve til Hundvåkøy kyrkje.

I forbindelse med **Peder Johan Kleppe** sin bortgong vart det gjeve ei minnegåve til Storekalsøy kyrkje.

Soknerådet vil retta ei hjarteleg takk til begge familiane for gåvene og samstundes ynskja
Guds signing over Ester Marie og Peder Johan sitt kjære minne.



Kalender for våren:

VI GÅR TIL KYRKJE:

16.11 kl.11.00 Storekalsøy kyrkje Lys våken gudstjeneste
23.11 kl.18.00 Austevoll Kyrkje Lysmesse
30.11 kl.11.00 Stolmen Kyrkje

07.12 kl. 11.00 Austevoll Kyrkje
14.12 kl. 11.00 Hundvåkøy Kyrkje
21.12 kl. 12.00 Møkster Kapell
24.12 kl. 13.00 Stolmen Kyrkje
24.12 kl. 14.30 Bekkjarvik kyrkje
24.12 kl. 15.30 Hundvåkøy kyrkje
24.12 kl. 15.00 Storekalsøy kyrkje
24.12 kl. 16.00 Austevoll kyrkje
25.12 kl. 12.00 Austevoll Kyrkje



01.01 kl. 12.00 Austevoll Kyrkje
11.01 kl. 11.00 Austevoll Kyrkje
18.01 kl. 11.00 Hundvåkøy Kyrkje
25.01 kl. 11.00 Austevoll Kyrkje Tårnagent gudstjeneste
01.02 kl. 11.00 Bekkjarvik kyrkje
08.02 kl. 18.00 Austevoll Kyrkje Kveldsgudstjeneste
15.02 kl. 11.00 Storekalsøy kyrkje
22.02 kl. 11.00 Austevoll kyrkje

01.03 kl. 11.00 Stolmen Kyrkje
08.03 kl. 11.00 Austevoll Kyrkje
15.03 kl. 11.00 Hundvåkøy Kyrkje
22.03 kl. 11.00 Austevoll Kyrkje Barnas påskedag
29.03 kl. 12.00 Møkster kapell



Seniortreff kl 11.00 på Austevoll PO-senter

Fredag 7.november
Fredag 5.desember
Fredag 6.februar

Her vert det underhaldning,
andakt og servering.
Håpar vi ser deg!

Med forbehold om endringar

Det meste vert no annonsert via kyrkjebladet, Facebook, kommunen sin kalender og kalenderen på heimesida vår; austevoll.kyrkja.no
Følg oss også på Facebook – kyrkja i Austevoll
Klipp ut kalenderen.

BABYSONG

Hundvåkøy kyrkje,
10 mandager frå kl 10.00 – 11.30.
Oppstart over nyttår – sjå facebook

TELEFONLISTE

Kyrjekontoret	55 08 26 00
Kyrkjeverje	55 08 26 02
Prest	55 08 26 03
Kyrkjelydspedagog	55 08 26 04 / 93 22 63 71
Organist	55 08 26 01 / 47 62 14 49
Kyrkjegardsarbeider	55 08 26 07
Trusopplæringsmedarbeidar	55 08 26 05
Dagleg leiar	99 29 15 47
Kontorleiar	93 42 59 63
Sokneprest	47 23 27 01
Kyrkjegardsarbeider	91 14 82 78
Soknerådsleiar	95 78 18 86
Kyrkjetenar	40 30 99 60
Hundvåkøy kyrkje	40 45 53 19
Redaktør Kyrkjebladet	55 08 26 02
Vikarprest	99 20 36 55

Tysdag 11-14, tor/fredag 9-14
Tysdag 11-14, tor/fredag 9-14

Hildegunn Teien
Audun Instefjord
Onsdag, 9-12

Karen Kvinge
Regine H. Otterå
Tor Håkon Eiken (laurdag og mandag er presten sin fridag)
Odd Magne Engelsen
Eivind Hatlevik
Linda Marie Lundø
Marie-Liv Østervold
Karen Kvinge
Øyvind Sivertsen

NB! Me gjer merksam på at staben kan vera ute på oppdrag også i kontortida.



SLEKTERS GANG

Døypte

Austevoll kyrkje:

Tobias Blåsternes
Julian Haugland Gjøvåg
Mikkel Njåstad Andersen
Lily Isabell Hevrøy Drønen
Lykke Taranger
Emil Lier Jørgensen
Saga Almelid Horgen
Mikkel Taranger Kristoffersen
Viljar Hausberg Øvrevoll
Håvard Dale Rabben
Lucas Dale-Egebakken
Oleah Tøkje
Sebastian Staal Haugland
Alice Berg Drivenes
Else Tømmerbakke Blix
Johan Hausberg-Alvsvåg
Sigrid-Hennie Sandtorv Trattner
Mie Othilie Eidsheim

Nora Aleksandra Vågen Eriksen
Astrid Merethe Vågen Eriksen
Mary-Anne Økland
Helle Møgster
Henrik Austevoll Rabben
Amalie Økland
Peder Kvinge Nilsen

Bekkjarvik Kyrkje:

Aksel Rabben Turøy
Luna Lundekvam Zehetner
Eva Hauge Larsen
Elise Fyllingsnes Haukanes
Olivia Høyland

Stolmen Kyrkje:

Ynwa Louise Veivåg
Loke Salthella-Gundersen
Erle Drivenes Østervold
Iselin Dampandee Veivåg

Stangeland Gaard:

Matheo Mjanger Blåsternes
Bjørnar Aarland Rabben

Hundvåkøy Kyrkje:

Ida Marie Petterson Solheim
Samuel Økland Løseth
Noah Bjånesøy Fammestad
Klara Nymark-Eidsheim
Leander Østervold Mangor-Jensen
Mila Blix
Nero Veivåg Mustvedt
Konrad Mehammer Drønen
Fillip Skår
Simon Svensdal

Møkster Kapell:

Elliot Bakervik Møgster
Nora Møgster

Vigde

Margrete Eide Vaage & Joacim Holter

Stangeland Gaard 31.05.2025

Astrid Ystheim &

Aleksander Våge Nilsen

Rosehagen 31.05.2025

Maja Heggholmen Drivenes &

Terje Tvilde

Bekkjarvik kyrkje 31.05.2025

Ingrid Nordstrand & Andreas Stenmark

Austevoll Kyrkje 31.05.2025

Henriette Austevoll & Nathan Mclellan

Austevoll kyrkje 31.05.2025

Hanne Trettsveen &

Joakim Bakkeli Warpe

Austevoll Kyrkje 07.06.2025

Ida Bjånesøy Eidsheim &

Karsten Njåstad Møgster

Austevoll Kyrkje 21.06.2025

Karina Fossmark & Ari Bertz

Austevoll kyrkje 28.06.2025

Karoline Melingen & Are Kjetså Hole

Austevoll Kyrkje 28.06.2025

Andrine Forland Glesnes &

Hans-Einar Hagen

Austevoll Kyrkje 19.07.2025

Anna Emilie Rivenes Vik &

Daniel Nordbustad Åsen

Austevoll Kyrkje 02.08.2025

Thea Rabben & Endre Arnold Bjånesøy

Austevoll Kyrkje 02.08.2025

Linda Dale & Adrian Michal Hovland

Bekkjarvik kyrkje 09.08.2025

Marita Nygård & Kenneth Hausberg

Rosehagen 09.08.2025

Brita Emmerhof Hvidevoll & Trym Buvak

Bekkjarvik Kyrkje 16.08.2025

Agnete Søreide & Inge Andre Rabben

Austevoll Kyrkje 23.08.2025

June Marie Steine Lindevik &

Tore Storebø Salthella

Stolmen kyrkje 30.08.2025

Døde:

Ester Marie Hausberg

21.10.1933 – 03.07.2025

Anders Karl Møgster

06.10.1936 – 31.07.2025

Peder Johan Kleppe

22.04.1933 – 02.08.2025

Torleif Andreas Tøkje

04.08.1960 – 07.08.2025

Tor Helge Haugland

03.02.1953 – 20.08.2025

Gro Nilsen

28.06.1959 – 24.08.2025

Knut Olai Heimark

2.08.1933 – 27.08.2025

Ulrik Hovland Hausberg

25.08.2025 – 27.08.2025

Jon Oddvar Storebø

06.07.1943 – 07.09.2025

Magne Johan Skare

13.02.1941 – 18.09.2025

Asbjørn Sigurd Risøy

23.08.1938 – 23.09.2025

Svanhild Økland

04.08.1930 – 30.09.2025

Aslaug Brekke

27.12.1933 – 03.10.2025

Arne Johan Hansen

29.10.1932 – 07.10.2025

Anny Margrethe Johansen

25.04.1937 – 09.10.2025

Oskar Ole Heimark

06.06.1946 – 12.10.2025



*Josef og Maria lengter. Ventetiden er snart slutt.
Engelen har komnt med budet: De skal få en liten gutt.*

*Tenn et lite lys i mørket!
Tenn et lite håp om fred!
Hele verden får i gave -
barnet som blir sendt hit ned*

*Josef og Maria leter. Ingen steder finnes rom.
I en natt så kaldt og stille, kun en liten stall står tom.*

Tenn et lite lys ...

*Josef og Maria stråler! Gutten sover trygt på strå.
Maria kysser barnets hender, hører englesangen nå.*

Tenn et lite lys ...

*Over hele jorden drømmer barna om den samme fred.
Rekk din hånd, bli med i sangen. Vi kan også være med.*

Tenn et lite lys ...

*Syng halleluja, syng halleluja
syng hallelu-u-ja
Syng halleluja, syng halleluja
syng hallelu-u-ja
Halle-lu-ja.*